

Velfortent heiderspris til Sigurd Myklebust.

17.02.2016



Sigurd Myklebust har motteke velfortent pris for redningsarbeidet han har gjort gjennom 40 år.

Under ei samling for Viking Redningsteneste på Park Hotel i Sandefjord nyleg mottok Sigurd Myklebust Viking Redningsteneste sin heiderspris. Gjennom 40 år har han gjort ein stor innsats som redningsmann, og framleis står 75-åringen på i eit imponerande tempo, og er klar til å rykkja ut og hjelpe 24 timer i døgnet.

Vi ser stadig Sigurd på farten i redningsbilen, og mange har erfart at han er kjapt på plass når det er behov for assistanse. Her kjem lang erfaring godt med, men ei indre og ekte serviceinstilling er nok drivkrafta. Sigurd fortel til Kvinnheringen i dagens nummer at han årleg har 400 oppdrag. Dette talet har vore nokolunde stabilt, men han har registrert at det har vore ein gledeleg nedgang i talet på arvorlege bilulukker dei seinare åra.

I grunngjevinga for tildelinga av den høghengande prisen vert det lagt vekt på at Sigurd Myklebust har representert Viking Redningsteneste på ein særdeles god måte gjennom mange år. Har har vore ein framifrå ambassadør for redningstenesta, og han har hjelpt til med assistanse i ei rad utfordrande stitusasjonar.

Sigurd opptrer alltid på ein positiv og imøtekommende måte. Ingen tvil om at han er ein svært så verdig prismottakar. I tillegg til redningstenesta har han også utleige av 10 leigebilar som stadig er ute på veiene. Dessutan sel han Tyssetelhengrar, og her går salget unna både av båthengrar og tilhengrar i andre variantar. Dette gjer han gjennom selskapet Kvinnherad Auto.

Sigurd Myklebust kunne for lengst ha pensionert seg, men han trivst godt med dei travle dagane og kundekontakten han opplever gjennom dei.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Thor Inge Døssland